



Seljord

Helse og omsorg

# Helseberedskapsplan

DEL B – Operativ del med tiltakskort



**DEL B - OPERATIV DEL MED TILTAKSKORT .....3**

TILTAKSKORT 1: IDENTIFISERE OM DET ER EI KRISE EIN STÅR OVERFOR ..... 4  
TILTAKSKORT 2: UTBROT AV SMITTSAM SJUKDOM..... 5  
TILTAKSKORT 3: PANDEMI..... 7  
TILTAKSKORT 4: SVIKT I VASSFORSYNING/AVLØPSSYSTEM ..... 8  
TILTAKSKORT 5: SVIKT I STRAUMFORSYNINGA ..... 10  
TILTAKSKORT 6: SVIKT I KOMMUNIKASJON; BORTFALL AV TELEFONI OG IKT ..... 12  
TILTAKSKORT 7: BORTFALL AV NAUDNETT ..... 14  
TILTAKSKORT 8: BRANN ..... 15  
TILTAKSKORT 9: SVIKT I ESSENSIELL LEGEMIDDELFORSYNING..... 16  
TILTAKSKORT 10: OMFATTANDE BEHOV FOR PSYKOSOSIAL OMSORG..... 17  
TILTAKSKORT 11: STØRRE ULUKKER/KATASTROFAR ..... 19

Dato	Planlagt revidert	Endring	Godkjent av
2020			Helseberedskapsgruppa
13.1.2023		Oppdatert tiltakskort 9	Helseberedskapsgruppa, tilsynsfarmaøyt Sykehusapotekene
	09.2023		

## Del B - Operativ del med tiltakskort

Den operative delen består av tiltakskort for ulike hendingar. Korta plasserer ansvar for utarbeiding, godkjenning og revisjon av korta. Korta skal ikkje innehalde namn.



Seljord

## TILTAKSKORT 1: Identifisere om det er ei krise ein står overfor

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Avklare om hendinga er ein situasjon av ekstraordinær karakter der akutte hjelpebehov ikkje kan verta dekt av tilgjengelege ressursar. Ordinære ansvars- og kommandotilhøve strekk ikkje til og omlegging eller tilførsel av ressursar er naudsynt.</li></ul>
Omgrepsavklaring	
Tiltak	<p>Vurder behov for å mobilisere helseberedskapsgruppa. Kontakt kommunalsjef som beslutter mobilisering. Kommunalsjef informerer overordna kriseleiing/v rådmann umiddelbart.</p> <p>Hjelpespørsmål i situasjonsvurderinga</p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Kva slags hending har skjedd?</li><li>• Hendingsforløp?</li><li>• Kvar har hendinga skjedd?</li><li>• Kor mange personar er involvert (tilstanden til dei som er involvert)?</li><li>• Kven er involvert (direkte/indirekte)?</li><li>• Prognose for hendingsutvikling (kva er det verste som kan skje)?</li><li>• Ta ei avgjerd på om ein skal definere dette som ei krise, og om ein treng å få på plass den overordna kriseleiinga, eller om det kan handterast av ei ressursgruppe leia av nivået under rådmann</li></ul>
Seljord kommune si heimeside: <a href="#">Overordna beredskapsplan</a>	



## TILTAKSKORT 2: Utbrot av smittsam sjukdom

Mål/føremål	Beskytte innbyggjarar, reisande, publikum og personell i berørte verksemdar mot smitte. Sikre at kommunen iverksett nødvendige smitteverntiltak, og samordnar si verksemd med andre offentlege og private aktørar på lokalt og nasjonalt plan. Ivaretar rettstryggleiken for smitta og andre som blir omfatta av smitteverntiltak.
Omgrepsavklaring	Smittsam sjukdom <ul style="list-style-type: none"><li>• Forårsaka av ei mikroorganisme eller ein del av ei slik mikroorganisme, eller av ein parasitt som kan overførast blant menneskje.</li></ul> Definisjon på utbrot av smittsam sjukdom: <ul style="list-style-type: none"><li>• Fleire tilfelle enn forventet av ein bestemt sjukdom innanfor eit område i eit gjeve tidsrom</li><li>• To eller fleire tilfelle av same sjukdom der ein går ut i frå felles kjelde (hotell/feriestad, utstyr, næringsmiddel, vatn e.a.)</li></ul> Følgjande utbrot av smittsame sjukdommar skal varslast: <ul style="list-style-type: none"><li>• Utbrot av dei sjukdommar som er meldingspliktige i MSIS</li><li>• Utbrot som er mistenkt å ha samanheng med næringsmiddel (inkludert drikkevatt)</li><li>• Utbrot i helseinstitusjonar</li><li>• Utbrot av særleg alvorlege sjukdommar (andre enn dei som er omfatta av MSIS), dvs. sjukdommar med høg dødelegheit, alvorleg sjukdomsbiletel eller høg komplikasjonsrate</li><li>• Særleg omfattande utbrot</li></ul> Dei fire siste punkta gjeld og utbrot av smittsame sjukdommar som ikkje er meldingspliktige til MSIS
Tiltak	<i>Utbrot av smittsam sjukdom kan bli meldt til kommunen frå fastlege, mattilsyn, sjukehus, politi, legevakt, toll, eller annan myndighet.</i> <ul style="list-style-type: none"><li>• Smittevernlege aktiverer den kommunale helseberedskapsgruppa (i det omfang som blir sett på som naudsynt). Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og blir aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li><li>• Dersom ikkje smittevernlege (eller denne sin vikar) er tilgjengeleg, oppnemner rådmann eller kommunalsjef helse og omsorg (eller denne sin vikar) ein annan lege til å starte smittevernarbeidet</li><li>• Smittevernlegen varslar Statsforvaltar og Folkehelseinstituttet ved bruk av varslingskjema</li><li>• Ved mistanke om vass- og næringsmiddelbåren smitte skal Mattilsynet varslast</li><li>• Ved smitte i helseinstitusjonar (sjukeheim) skal det sendes kopi av varsel til det regionale helseføretakas kompetansesenter for sjukehushygiene</li></ul>

*Smittevernlegen utarbeider ein aksjonsplan for handteringa av smitteutbrotet som skal innehalde fylgjande punkt (omfanget av denne aksjonsplanen vil avhenge av smittens alvorlegheitsgrad)*

- Kartlegge (omfang, lokalisere smittekjelde)
- Kontakte berørte samarbeidspartar (internt og eksternt)
- Kurative tiltak (vaksinering)
- Avgrensing/førebygging /isolering
- Informasjon til publikum/media
- Evaluering

Viktige lenkjer: Smittevernveilederen (Folkehelseinstituttet) Utbruddshåndboken Mattilsynet, Seljord kommune si heimeside: Smittevernplan



Seljord

### TILTAKS KORT 3: Pandemi

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Redusere sjukdom og død</li><li>• Pleie og behandle sjuke og døydne</li><li>• Oppretthalde naudsynte samfunnsfunksjonar</li><li>• Ta hand om dei døde på forsvarleg måte</li><li>• Gje fortløpande informasjon (helsevesen, publikum og media)</li></ul>
Omgrepsavklaring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Pandemi er ein epidemi som har spredd seg til eit større geografisk område enn ein epidemi, og som påverkar en betydeleg del av verdas befolkning i fleire verdsdelar.</li></ul>
Tiltak	<p><i>Melding om pandemiar kjem frå sentrale myndigheiter</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Smittevernlege aktiverer den kommunale beredskapsgruppa for smittevern/pandemi (i det omfang som blir sett på som naudsynt)</li><li>• Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og blir aktivert ved behov (må vurderast fortløpande)</li><li>• Dersom ikkje smittevernlege (eller denne sin vikar) er tilgjengeleg, oppnemner rådmann eller kommunalsjef helse og omsorg (eller denne sin vikar) en annan lege til å starte smittevernarbeidet</li></ul> <p><i>Vidare handtering av pandemien vil avhenge av dei råd og retningslinjer som kjem frå sentrale myndigheiter, men vil i hovudsak dreie seg om behov for at smittevernlegen:</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Utarbeider ein vaksinestrategi i høve til prioriteringar</li><li>• Sjekkar at kommunen har viktig materiell, utstyr og legemiddel på plass, og at forsyningstryggleiken er i orden (dialog med apotek)</li><li>• Ber fastlegane utarbeide lister over sine pasientar som er i risikogrupper</li><li>• Vurdere å stenge verksemder som samlar fleire menneske (skule, barnehage, idrettshallar etc.), og avlyse/forby møter</li><li>• Vurdere behov for å omdisponere personell, utvide stillingar og bruk av friviljuge</li><li>• Vurdere behov for å opprette eige legekontor/legevakt ved stor pågang</li><li>• Vurdere behov for å aktivere psykososialt kriseteam</li><li>• Gje ut informasjon om den fortløpande utviklinga av epidemien i utlandet og Noreg, sjukdommen si ytringsform og alvor, sjølvhjelp (når bør ein oppsøke lege, beskytte seg sjølv m.m.), fordeling av vaksiner, antiviralia, antibiotika og andre medikament, beredskapssituasjonen i kommunehelsetenesta, ved sjukehus og annan viktig infrastruktur</li></ul>
<p>Viktige lenkjer:</p> <p>Smittevernveilederen (Folkehelseinstituttet)</p> <p>Folkehelseinstituttet</p> <p>Utbruddshåndboka</p> <p><a href="http://www.pandemi.no">www.pandemi.no</a> (denne vert aktivert av sentrale myndigheiter ved ein ny pandemi)</p> <p>Seljord kommune si heimeside: Smittevernplan, pandemiplan</p>	



## TILTAKSKORT 4: Svikt i vassforsyning/avløpssystem

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Sikre innbyggjarane hygienisk sikkert vatn til drikke og matlaging</li><li>• Dernest tryggleik for vatn til drift av avløpssystemet</li><li>• Vidare vatn til vask og reinhald</li></ul>
Omgrepsavklaring	<p><i>Gjeld brot i vassforsyninga, svikt i avløpssystem eller helsemessig ubrukeleg vatn (ved utbrot av vassboren sjukdom nyttar ein også Tiltakskort Smittsam sjukdom)</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lokal leiar(einingsleiar) refererer til Vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift Seljord kommune</li><li>• Ta i bruk dei planane og prosedyrane som er etablert ute på kvar enkelt institusjon, bufellesskap og liknande</li></ul>
Tiltak	<p><b>Svikt i avløp eller vassforsyninga – mindre alvorleg hending</b> <i>Lokal hending som tette avløp, leidningsbrot med varigheit tre til seks timar, eller utilfredsstillande vasskvalitet</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li><li>• Vaktansvarleg registrerer melding, tidspunkt og meldars namn, samt avklarar kor stort geografisk område /kor mange personar som er råka</li><li>• Ved lokal hending vert lokal prosedyre iverksett</li><li>• Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li></ul> <p><b>Svikt i avløp eller vassforsyninga – alvorleg hending</b> <i>Tette avløp eller brot på leidningsnett med svikt i vassforsyning med varigheit i meir enn åtte timar.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Vaktansvarleg hentar fram og fylgjer beredskapsplan for vassforsyning (jf. eigen plan for vassverket). Mattilsynet og kommuneoverlege vert varsla.</li><li>• Leiar for beredskapsgruppa Helse- og omsorg vert kontakta, gruppa eller delar av gruppa vert aktivert. Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li><li>• Abonnentar blir varsla (anten gjennom media, eller direkte til særleg sårbare brukarar).</li><li>• Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li><li>• Beredskapsforsyning vert vurdert kontinuerleg.</li></ul> <p><b>Forureina vatn – svært alvorleg hending</b> <i>Vert levert u-desinfisert /forureina ut på leidningsnett.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Viss hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte beredskapsvakt</li><li>• Beredskapsvakt registrerer melding, tidspunkt og meldar sitt namn, samt avklarar kor stort geografisk område /kor mange personar som er råka, og varslar deretter Mattilsynet og kommuneoverlege/smittevernlege</li></ul>





	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beredskapsvakt vil, i samråd med Mattilsyn og kommuneoverlege/smittevernlege, starte prosessen med å varsle abonnentar (enten gjennom media, eller direkte til særleg sårbare brukarar).</li> <li>• jf. Informasjonsberedskapsplan</li> <li>• jf. Oversiktsliste over brukarar i Helse- og velferdssektoren og NAV</li> <li>• Beredskapsvakt hentar fram beredskapsplan for vassforsyning (jf. eigen plan for vassverket)</li> <li>• Beredskapsgruppa for Helse- og omsorg vert etablert. Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li> <li>• Tiltakskortet for Smittsam sjukdom skal aktiverast når det er utbrot av vassboren sjukdom.</li> <li>• Beredskapsforsyning til råka abonnentar skal vurderast kontinuerleg.</li> </ul>
<p>Viktige lenkjer:</p> <p>Smittevernveilederen (Folkehelseinstituttet)</p> <p>Utbruddshåndboken</p> <p>Mattilsynet</p> <p>Viktig telefonnummer:</p>	

## TILTAKSKORT 5: Svikt i straumforsyninga

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Hindre skade eller brot i behandling som gjev sjukdomsforverring</li><li>• Setje i gang tiltak for å sikre medisinsk utstyr og behandling.</li><li>• Sikre ljøs/varme.</li><li>• Syte for matlaging/forsyning av mat.</li></ul>
Omgrepsavklaring	<p><i>Svikt i straumforsyninga vert definert som eit kvart bortfall av straum</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Lokal leiar/lokal hending refererer her til for eksempel leiar /hending ved ein institusjon, bufellesskap og liknande.</li><li>• Ta i bruk dei planane og prosedyrane som er etablert ute på kvar enkelt institusjon, bufellesskap og liknande</li><li>• Vaktansvarleg for samfunn og drift refererer til vakttelefon for lokalt kraftforsyningslag</li></ul>
Tiltak	<p><b>Svikt i straumforsyninga – mindre alvorleg hending</b> <i>Lokal hending som leidningsbrot med varigheit tre til seks timar.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li><li>• Vaktansvarleg skal kontakte lokalt kraftforsyningslag for info</li><li>• Ta i bruk dei planane og prosedyrane for svikt i straumforsyning som er etablert ute på kvar enkelt institusjon, bufellesskap og liknande</li><li>• Leiar av helseberedskapsgruppa vert kontakta, og vurderer å aktivere gruppa, eller delar av gruppa</li><li>• Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li></ul> <p><b>Svikt i straumforsyninga – alvorleg hending</b> <i>Brot på straumnett med varigheit i meir enn åtte timar.</i></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li><li>• Vaktansvarleg skal kontakte lokalt kraftforsyningslag for info</li><li>• Ta i bruk dei planane og prosedyrane for svikt i straumforsyning som er etablert ute på kvar enkelt institusjon, bufellesskap og liknande</li><li>• Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li><li>• Leiar av helseberedskapsgruppa vert kontakta, og vurderer å aktivere gruppa, eller delar av gruppa.</li><li>• Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li><li>• Abonntar blir varsla (enten gjennom media, eller direkte til særleg sårbare brukarar). Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li><li>• Beredskapsforsyning blir vurdert kontinuerleg</li><li>• Prioriteringslista for straumforsyning blir vurdert kontinuerleg</li></ul>



	<ul style="list-style-type: none"><li>• Behovet for iverksetting av plan for evakuering (for særlig utsette brukargrupper) blir vurdert kontinuerleg</li></ul>
Seljord kommune si heimeside: Overordna beredskapsplan	
Viktige telefonnummer: Vakttelefon Vest-Telemark Kraftlag: 35 07 57 00	

<b>TILTAKSKORT 6: Svikt i kommunikasjon; bortfall av telefoni og IKT</b>	
Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere/hindre feilbehandling (her under feilmedisinering).</li> <li>• Sikre at dokumentasjonsplikt og rapportering vert etterfylgt, og at ein har tilgang til naudsynte helseopplysningar om pasientar og brukarar.</li> <li>• Sikre at telefonnummer for augnebliskeleg hjelp, og elektronisk kommunikasjon med eksterne partar vert ivaretatt i tråd med lokale prosedyrar.</li> </ul>
Omgrepsavklaring	<p><i>Svikt i kommunikasjon, telefoni og IKT blir definert som eit kvart bortfall av dette.</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar(einingsleiar) kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li> <li>• Ta i bruk dei planane og prosedyrane om IKT bortfall som er etablerte ute på kvar enkelt institusjon, bufellesskap, legevakt /legekontor og tilsvarande arbeidsplassar med pasientbehandlande funksjon.</li> </ul>
Tiltak	<p><b>Svikt i kommunikasjon, telefoni og IKT inntil 4 timar (mindre alvorleg hending)</b></p> <p><i>Lokal hending med varigheit inntil 4 timar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li> <li>• Vaktansvarleg registrerer melding, tidspunkt og melder sitt namn, og får avklart kor stort område /omfang, kor mange avdelingar som er råka.</li> <li>• Ved lokal hending vert lokal prosedyre iverksett for handtering av svikt i kommunikasjon, telefoni og IKT <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Iverksette rutinar for skriftleg dokumentasjon</li> <li>○ Iverksette rutinar for alternative kommunikasjonsformer</li> </ul> </li> </ul> <p><b>Svikt i kommunikasjon, telefoni og IKT over 4 timar (alvorleg hending)</b></p> <p><i>Brot i kommunikasjon, telefoni og IKT med varigheit over 4 timar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li> <li>• Vaktansvarleg registrerer melding, tidspunkt og melder sitt namn, og får avklart kor stort område / omfang, kor mange avdelingar som er råka.</li> </ul>



	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Beredskapsgruppa for Helse- og omsorg v leiar vert kontakta, denne vurderer om den overordna kriseleiinga skal informerast om situasjonen / vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li> </ul> <p><b>Svikt i kommunikasjon, telefoni og IKT over 24 timar (svært alvorleg hending)</b></p> <p><i>Brot i kommunikasjon, telefoni og IKT med varigheit over 24 timar</i></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Om hendinga vert oppdaga i kommunal verksemd, skal lokal leiar kontakte vaktansvarleg for tenesteområde samfunn og drift</li> <li>• Vaktansvarleg registrerer melding, tidspunkt og meldar sitt namn, og får avklart kor stort område / omfang, kor mange avdelingar som er råka.</li> <li>• Beredskapsgruppa for Helse- og omsorg v leiar vert kontakta. Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande)</li> <li>• Om det er aktuelt iverksette befolkningsvarsling jf. Overordna beredskapsplan</li> <li>• Behovet for iverksetting av plan for evakuering (for særleg utsette brukargrupper) blir vurdert kontinuerleg.</li> </ul>
<p>Seljord kommune si heimeside: <a href="#">Overordna beredskapsplan</a></p> <p>Compilo: Lokal plan ved bortfall av IKT og telefoni</p> <p>Viktige telefonnummer:</p>	

<b>TILTAKSKORT 7: Bortfall av nødnett</b>	
Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Redusere og hindre feil behandling</li> <li>• Sikre alle innringarar får den hjelpa dei har behov for</li> </ul>
Omgrepsavklaring	Svikt/bortfall av direktekommunikasjon mellom nødnetatane
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kontakt HDO tlf 08915 og meld feil, bruk radioterminal, LV-mobil, vanleg tlf eller privat mobil</li> <li>• Få avklart hjå HDO kor stort område/omfang</li> <li>• Når nødnett er ute vil reserveløysing automatisk tre i kraft.</li> <li>• Ring Notodden legevakt tlf 35010434/81568094 på radioterminal, LV-mobil, vanleg tlf eller privat mobil og informer om situasjonen. Oppgjev kva nr dei kan nå deg på: radioterminal, LV-mobil, privat mobil, vaktlegen sin radioterminal og private mobil</li> <li>• Ring AMK tlf 33727600 og informer som har skjedd og kva for nr dei kan nå deg på</li> <li>• Ved bortfall av nødnett av lengre varighet skal einingsleiar avgjera når HDO skal rute nødnett manuelt til LV mobil</li> <li>• Dersom dette ikkje er mogeleg skal einingsleiar vurdere om ein sjpl frå legevakt her må bistå og arbeide ved Notodden legevakt. Det er anbefalt å ha med ein PC med journalsystem tilgjengeleg.</li> <li>• Sikringsradio kanal 8</li> </ul>
Prosedyre Nødnett	

## TILTAKSKORT 8: Brann

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Unngå tap av menneskeliv</li><li>• Redusere skadeomfang på liv og helse</li><li>• Gje basisomsorg og hjelp til berørte og pårørende.</li></ul>
Omgrepsavklaring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Storbrann er brann over eit større geografisk område /omfattar fleire husstandar</li></ul>
Tiltak	<p><b>Brann ved institusjon /bustader med heildøgns bemanning</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• 110 sentralen vert varsla automatisk av den tilsette som oppdagar brannen.</li><li>• Ansvarleg leiar på vakt aktiverer lokal plan ved brann. Kvar institusjon /bustadar med heildøgns bemanning har sine egne planar for brann som bl.a. inneheld: evakueringsplanar, varsling av leing, brannvernleiar, ekstra personell og pårørende.</li><li>• Beredskapsgruppa for Helse- og omsorg vert etablert. Den overordna kriseleiinga vert orientert om situasjonen, og vert aktivert ved behov (må vurderast fortløpande).</li></ul> <p><b>Storbrann</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Storbrann utløyser etablering av kriseleiing i kommunen, og saman med lokal og/ eller sentral redningsleiing vert det tatt avgjerd om naudsynte steg vidare (jf. tiltakskort og planer for EPS, informasjonsplan, plan for psykososialt kriseteam etc.). Politi, brannvesen, sjukehus og kommune samarbeider ut i frå situasjonen.</li></ul>
<p><b>Seljord kommune si heimeside:</b>, Overordna beredskapsplan (plan for EPS senter, oversikt over evakueringsstader Informasjonsplan)</p> <p><b>I Compilo:</b> Lokal plan ved brann, Retningsliner for psykososialt kriseteam</p>	

## TILTAKSKORT 9: Svikt i essensiell legemiddelforsyning

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppretthalde livsviktig behandling og medisinerer som er viktig for å kjempe mot sjukdom.</li></ul>
Omgrepsavklaring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Samanbrot i forsyningsliner frå produsent til detaljist, som gjer at kommunale institusjonar, som sjukeheim og legevakt, får svikt i essensiell legemiddelforsyning.</li><li>• Det kan skje svikt i essensiell legemiddelforsyning grunna råvaremangel, transportutfordringar, lite/ingen produksjon i Norge. Rasjonering kan skje.</li></ul>
Tiltak	<ul style="list-style-type: none"><li>• Etablere kontakt med lokal leverandørar, legekontor, nærkommunar og spesialisthelsetenesta<ul style="list-style-type: none"><li>○ Undersøke om andre einingar har legemiddel på sitt lokale lager</li><li>○ Undersøke om Apotek 1 har legemiddel på sitt lokale lager/sentrale lager – forventa ankomst</li><li>○ Undersøke om legemiddel fins i andre styrker, synonympreparat</li><li>○ Undersøke om pasient kan bytte legemiddel ved langvarig mangel</li><li>○ Utarbeide ei liste på område som skal prioriterast</li></ul></li><li>• Aktivere kommunikasjonsplan (internt og eksternt)</li></ul> <p>Lagerbeholdningane er sparsame i det moderne samfunn, og den enkelte kommune kan ikkje ha slike. Det må difor leggest til grunn at ved svikt frå produsent til detaljist, må statleg nivå inn med sine planar for å sikre nødvendig hjelp i ein region/ eit land.</p> <p>Seljord kommune har avtale med Apotek 1 Seljord. Apotek 1 blir styrt sentralt ved bestillingar og lagerkapasitet. Det er ikkje stort lager i Seljord.</p> <p>Seljord kommune har beredskap på enkelte medikament for ein viss periode: insulin, bredspektra antibiotika, blodfortynnande, opioid. Lager for dette er på Nesbukti.</p>





## TILTAKSKORT 10: Omfattande behov for psykososial omsorg

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Avklare om hendinga er ein situasjon av ekstraordinær karakter der akutte hjelpebehov ikkje kan verta dekt av tilgjengelege ressursar og ordinære ansvars- og kommandotilhøve ikkje strekk til, og der omlegging eller tilførsel av ressursar er naudsynt</li> <li>• Redusere langtids plager som fylgje av den aktuelle stress-situasjon</li> <li>• DEN PSYKOSOSIALE oppfølginga har som mål å fremje meistring i ein akutt fase, oppretthalde sosial fungering, og bidra til at reaksjonar og symptom vert dempa. Føremålet er å førebygge framtidige helseproblem og/eller sosiale problem og bidra til god livskvalitet på sikt.</li> </ul>
Omgrepsavklaring	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Med <b>katastrofar</b> meiner ein uventa og potensielt traumatiserande hendingar av større omfang, der mange personar vert ramma samstundes, og der tal på ramma personer med hjelpebehov i ein periode overstig dei tilgjengelege ressursane som finns i nærområdet til katastrofen.</li> <li>• <b>Kriser</b> eller krisesituasjonar forstås ein som dramatiske og potensielt traumatiserande hendingar som kan true eller svekke viktige funksjonar og verdier hjå enkeltpersonar, familiar eller lokalsamfunn. Dette kan t.d. vere plutselig barnedødsfall, sjølv mord, ulike typar ulykker og andre akutte situasjonar med eller utan dødsfall, voldtekt eller ran m.m.</li> <li>• Med <b>psykososiale tiltak</b> meiner ein målretta tiltak som vert sett inn etter potensielt traumatiserande hendingar for å hjelpe enkeltpersoner og/eller grupper, eller der lokalsamfunnet er råka.</li> </ul>
Tiltak	<p><b>Ved kriser</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppfølging i høve til kriser skal i utgangspunktet ivareta det ordinære hjelpeapparatet.</li> <li>• Legevakt har ansvar for å vurdere om behovet for krisehjelp går utover det som det ordinære hjelpeapparatet klarer.</li> <li>• Psykososialt kriseteam kan aktiverast av <i>lege</i>, <i>legevakt</i> eller <i>politi</i> når det er kartlagt eit behov som tilseier at den / dei som er i ein krisesituasjon ikkje får tilstrekkeleg støtte, omsorg og hjelp av eige nettverk, eller av legevakta.</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Den frå psykososialt kriseteam si hovudgruppe som fyrst blir kontakta har, etter ei behovsvurdering, ansvar for å innkalle delar av, eller resten av hovudgruppa til avtalt møtestad.</li> <li>• Legevakt / psykososialt kriseteam skal påsjå at den /dei berørte, ved behov, blir vist vidare til profesjonell hjelp så raskt som mogleg.</li> <li>• Psykososialt kriseteam skal som hovudregel avslutte sin del av innsatsen seinast etter 8 dagar.</li> <li>• Det kan gjerast førespurnad om det er ynskjeleg med bistand frå trussamfunn.</li> <li>• Kriseteamet sin funksjon avgrensar seg til oppfylging av enkeltpersonar som er ramma.</li> <li>• Har dei råka mindreårige barn, gjeld særlege reglar om helsepersonell si plikt til å ivareta barnas behov.</li> </ul> <p><b>Ved katastrofar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ved katastrofe vert psykososialt kriseteam aktivert av kommunen si overordna kriseleiing, og er då underlagt overordna kriseleiinga.</li> <li>• Kommunen si kriseleiing kontaktar leiar for psykososialt kriseteam, eller ein av dei andre som utgjer psykososialt kriseteam si hovudgruppe.</li> <li>• Den i hovudgruppa som fyrst blir kontakta, påtar seg koordinatoransvaret inntil leiar av teamet kan overta koordinator-rolla.</li> <li>• Koordinator er ansvarleg, i samarbeid med hovudgruppa, for å innkalle ressurspersonar etter behov.</li> <li>• Koordinator er ansvarleg for at vidare prosedyre for psykososialt kriseteam blir fylgd.</li> </ul>
<p><b>Seljord kommune si heimeside:</b> Overordna beredskapsplan  <b>I Compilo:</b> Intern varslingsliste i delplan for psykososial omsorg og støtte ved ulykker og krisesituasjonar</p>	

## TILTAKSKORT 11: Større ulykker/katastrofer

Mål/føremål	<ul style="list-style-type: none"><li>• Raskt avklare om hendinga er ein situasjon av ekstraordinær karakter, der det akutte hjelpebehov ikkje kan dekkast av tilgjengelege ressursar, og ordinære ansvars- og kommandotilhøve ikkje strekk til, og der omlegging eller tilførsel av ressursar er naudsynt.</li><li>• Syte for å tilføre ekstra ressursar, og koordinere innsatsen slik at rask og profesjonell hjelp vert sett inn så raskt som råd.</li></ul>
Omgrepsavklaring	<ul style="list-style-type: none"><li>• Katastrofe er her knytt til større ulykker /dramatiske og traumatiserande hendingar der fleire personar er ramma</li></ul>
Tiltak	<p><b>Varslingsansvar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ved større ulykker/ hendingar er det vakthavande lege som tar avgjersla om å kalle ut fleire leger /anna helsepersonell, Kontaktar kommuneoverlege og einingsleiar for helseavdelinga.</li><li>• Fagleiar Helse (lege) vurderer til ei kvar tid ressursbehovet i samarbeid med Operativ leiar Helse (ambulanspersonell)</li><li>• AMK har aksjonsleiinga. Naudnettet er kommunikasjonsreiskapen for alle naudetatar, samt legene.</li></ul> <p><b>Varslingsrutinar:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Ved mindre hendingar med behov for 1-2 ekstra legar blir aktuelle legar ringt opp direkte, enten av vakthavande lege sjølv eller av legevakta.</li><li>• Ved store hendingar med behov &gt; 3 leger blir det sendt ut ein felles SMS frå legevakta til alle legene i kommunen om hending og møtestad. Vakthavande sjukepleiar ved legevakta vurderar behovet for å forsterke bemanninga inne på legevaktstasjonen med ein ekstra sjukepleiar.</li><li>• Dersom omfanget av hendinga er så ressurskrevjande at kommuneoverlege og einingsleiar bestemmer at sjukepleiargruppa også skal varslast, så sender legevakta ut felles SMS om hending og møtestad til alle sjukepleiarane på legeavdelinga si varslingsliste.</li><li>• Dersom det er definert katastrofe, syter kommunalsjef for å aktivere aktuelle varslingslister i andre einingar etter vurdering frå operativt personell på staden.</li></ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er kommunalsjefen som har det overordna koordineringsansvaret, og syter for at lokal helseberedskapsgruppe vert aktivert.</li> <li>• Legevakta varslar på oppmoding frå AMK, lege eller politi leiar for psykososialt kriseteam</li> </ul> <p><b>Kommunen må</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Aktivere den overordna kriseleiing i kommunen, og saman med lokal og/ eller sentral redningsleiing ta avgjersle om naudsynte tiltak (jf. tiltakskort og planer for EPS, informasjonsplan, plan for psykososialt kriseteam etc.).</li> </ul>
<p>Seljord kommune si heimeside: Overordna beredskapsplan</p> <p><b>I Compilo:</b> Intern varslingsliste i delplan for psykososial omsorg og støtte ved ulykker og krisesituasjonar</p>	